

MØTEINNKALLING**Utval:** KOMMUNESTYRET**Møtestad:** Rådhuset**Møtedato:** 27.04.2017

Tid: 08.30

Medlemene vert med dette innkalla til møtet. Evt. forfall må meldast til kommunen v/sekretariatet, tlf. 57 68 55 00

Varamedlemer får særskilt innkalling dersom nokon melder forfall.

Temamøte: «Kommuneøkonomien –Kostraanalyse.»

08.30-09.00 Innleiing v/ordførar og rådmann.

09.00-11.30 Kostraanalyse v/Håvard Moe, KS-konsulent (inkl spørsmål, kommentarar)

11.30-12.00 Oppsummering, nærare om arbeidet med grunnlaget for skulebruksplan og vidare arbeid v/rådmann.

12.00-13.00 Felles lunsj og gruppemøte.

13.00. Møtestart kommunestyresaklista.

SAKLISTE

Sak	Tittel
12/17	Godkjenning av møtebok
13/17	Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.
14/17	Detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo
15/17	Solsida hyttefelt - infrastruktur - godkjenning av avtale
16/17	Lustrabadet KF - val av styrerepresentantar, vararepresentantar, styreleiar og nestleiar
17/17	Årsrapport 2016 for Luster kommune
18/17	Lustrabadet KF - årsrapport 2016
19/17	Høyring - endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn – Bergen
20/17	Referat- og drøftingssaker
21/17	Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring.

LUSTER KOMMUNE
Gaupne, 20.04.2017

Ivar Kvalen

Anita Bjørk Ruud

Ordfører

Politisk sekretariat

Luster kommune

Saksnr. Utval

Møtedato

:

12/17 Kommunestyret

27.04.2017

Godkjenning av møtebok

Arkivsak:
17/1651

Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud

Arkivkode:
033

Rådmannen si tilråding:

Godkjenning av møteboka frå møtet den 17.02.17.
Val av to til å skrive under på møteboka.

Møtebok 17.02.17.

—

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
:		
2/17	Eldrerådet	27.02.2017
2/17	Brukarutval for samhandlingsreforma	27.02.2017
2/17	Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne	27.02.2017
13/17	Kommunestyret	27.04.2017

Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.Arkivsak:
17/926Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud

Arkivkode:

Rådmannen si tilråding:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma godkjenner årsmelding for 2016 og sender den til kommunestyret til orientering.

Dei tre råda vedtok årsmeldinga i møte den 27. 2.17 og legg den fram for kommunestyret til orientering.

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
:		
19/16	Plan- og forvaltningsstyret	06.06.2016
47/16	Plan- og forvaltningsstyret	12.09.2016
60/16	Plan- og forvaltningsstyret	05.12.2016
5/17	Plan- og forvaltningsstyret	13.02.2017
5/17	Kommunestyret	17.02.2017
17/17	Plan- og forvaltningsstyret	03.04.2017
14/17	Kommunestyret	27.04.2017

Detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo

Arkivsak: 16/1580 Sakshandsamar: Arne Ingjald Lerum Arkivkode: L12

Rådmannen si tilråding:

- Plan- og forvaltningsstyret merkar seg konklusjonen i juridisk vurdering frå advokat Svein Arild Pihlstrøm.

Tilråding frå sak 5/17:
- Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg elles til rådmannen sine tilrådingar knytt til innkomne merknader og fråsegner. Det blir teke inn slik ny reguleringsføresegn:
«4.8 Ved søknad om byggjeløyve skal det liggje ved plan for overvasshandtering. Planen må dimensjonerast for venta auke i nedbørsmengd grunna klimaendringane.»
- Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:
"I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo.
PlanId 1426-2016006.»

Plan- og forvaltningsstyret**03.04.2017****Sak : 17/17****Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

- Plan- og forvaltningsstyret merkar seg konklusjonen i juridisk vurdering frå advokat Svein Arild Pihlstrøm.

Tilråding frå sak 5/17:
- Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg elles til rådmannen sine tilrådingar knytt til innkomne merknader og fråsegner. Det blir teke inn slik ny reguleringsføresegn:
«4.8 Ved søknad om byggjeløyve skal det liggje ved plan for overvasshandtering. Planen må dimensjonerast for venta auke i nedbørsmengd grunna klimaendringane.»

3. Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:
"I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo.PlanId 1426-2016006.»

Kommunestyret skal handsame pkt. 3 i tilrådinga.
Skriv dat. 20.04.17 frå adv. Johannes Hauge er lagt ved saka.

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
:		
34/17	Formannskapet og næringsutvalet	19.04.2017
15/17	Kommunestyret	27.04.2017

Solsida hyttefelt - infrastruktur - godkjenning av avtale

Arkivsak:	Sakshandsamar:	Arkivkode:
16/1356	Ingrid M. Slinde	M00

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune vil byggja ut hovudnettet for vatn og avløp slik at hyttefeltet Hamregåta kan koplast til kommunalt leidningsnett.

Luster kommunestyre godkjenner utbyggingsavtale mellom Solsida hyttefelt og Luster kommune datert 10.04.2017.

Kommunestyret godkjenner kostnadsoverslag på kr.900 000 til VA - anlegg. Investeringar vil bli finansiert av rammeløyving VA for 2017.

Kommunestyre yter eit tilskot på 40% av utbyggingskostnadane/oppgraderingskostnadane for Modvovegen, inntil kr. 200.000,-, av dokumenterte kostnader. Tilskot til veg vil bli finansiert av næringsfondet.

Formannskapet og næringsutvalet **19.04.201** **Sak : 34/17**
7

Handsaming:

Ordførar Ivar Kvalen gjekk frå som ugild grunna grunneigarinteresser. Varaordførar Marit Aakre Tennø leia møtet under handsaming av saka.

Rådmannen si tilråding:

«Luster kommune vil byggja ut hovudnettet for vatn og avløp slik at hyttefeltet Solsida kan koplast til kommunalt leidningsnett.

Luster kommunestyre godkjenner utbyggingsavtale mellom Solsida hyttefelt og Luster kommune datert 10.04.2017.

Kommunestyret godkjenner kostnadsoverslag på kr.900 000 til VA - anlegg. Investeringar vil bli finansiert av rammeløyving VA for 2017.

Kommunestyre yter eit tilskot på 40% av utbyggingskostnadane/oppgraderingskostnadane for Modvovegen, inntil kr. 200.000,-, av dokumenterte kostnader. Tilskot til veg vil bli finansiert av næringsfondet.»

Formannskapet drøfta saka og bad rådmann halde nytt møte med utbyggjarane for å avklare kva føresetnar for avtale ein kan semjast om.

Vedtak:

«Saka vert utsett.»

Tilråding frå formannskapet vil bli lagt fram i kommunestyremøtet.

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/17	Formannskapet og næringsutvalet	19.04.2017
16/17	Kommunestyret	27.04.2017

Lustrabadet KF - val av styrerepresentantar, vararepresentantar, styreleiar og nestleiar

Arkivsak:
17/1595

Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud

Arkivkode:
033 D20 &15

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande i styret for Lustrabadet KF:

Styremedlemer:

..... (2 år)
..... (2 år)

Val av styreleiar:

..... (1 år)

Val av nestleiar:

..... (1 år)

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. (1 år)
2. (1 år)
3. (1 år)

Formannskapet og næringsutvalet **19.04.201** **Sak : 26/17**
7

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka og fremja aktuelle kandidatar.
Kommunalsjef John Olaf Røhme kan delta i styret som observatør for ein periode om styret i selskapet ynskjer det.

Ordføraren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret vel følgjande i styret for Lustrabadet KF:

Styremedlemer:

Anja Fardal. (2 år)
Per Steinar Sviggum. (2 år)

Val av styreleiar:

Ingar Norberg. (1 år)

Val av nestleiar:

Anja Fardal (1 år)

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. Britt Dagrunn Brugrand (1 år)
2. Arne J Hauge (1 år)
3. Stein Olav Njøs. (1 år)

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
28/17	Formannskapet og næringsutvalet	19.04.2017
10/17	Administrasjonsutvalet	19.04.2017
17/17	Kommunestyret	27.04.2017

Årsrapport 2016 for Luster kommune

Arkivsak:
16/3465

Sakshandsamar:
Jarle Skartun

Arkivkode:
212

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret tek rådmannen sin årsrapport for 2016 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2016. Overskotet/det rekneskapsmessige mindreforbruket kr 7.434.574,40. vert overført til disposisjonsfondet.

Formannskapet og næringsutvalet **19.04.201** **Sak : 28/17**
7

Handsaming:

Rådmannen orienterte og svara på spørsmål.
Rådmannen refererte frå dialog med revisor og handsaminga i kontrollutvalet.
Kontrollutvalet sin uttale er lagt på saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Kommunestyret tek rådmannen sin årsrapport for 2016 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2016. Overskotet/det rekneskapsmessige mindreforbruket kr 7.434.574,40. vert overført til disposisjonsfondet.

Luster kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/17	Kommunestyret	27.04.2017

Lustrabadet KF - årsrapport 2016Arkivsak:
17/1669Sakshandsamar:
Jarle SkartunArkivkode:
D20 &14**Styret i Lustrabadet KF si tilråding:**

Kommunestyret godkjenner årsrapport og rekneskap 2016 frå Lustrabadet KF, jf. § 8 i vedtektene til Lustrabadet KF.

Rekneskapsmessig mindreforbruk 2016 kr. 461.924,18 vert tilført Lustrabadet KF sitt disposisjonsfond.

—

Luster kommune

Saksnr. Utval

Møtedato

:

19/17 Kommunestyret

27.04.2017

Høring - endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn – Bergen

Arkivsak:
17/1523

Sakshandsamar:
Ivar Kvalen

Arkivkode:
N30 &13

Ordførar vil legge fram tilråding i saka.

—

Luster kommune

Saksnr. Utval

Møtedato

:

20/17 Kommunestyret

27.04.2017

Referat- og drøftingssaker

Arkivsak:
17/1517

Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud

Arkivkode:
033

Rådmannen si tilråding:

Informasjon:

I møte den 15. mars gjorde formannskapet følgende vedtak i sak 22/17:

«Luster kommune set fram krav om konkurs i Tørvis Eigedom AS.
Ordføreren godkjenner utforming av kravet.
Formannskapet sitt vedtak er gjort i medhald av kommunelova §13.»

—

Luster kommune**Saksnr. Utval****Møtedato**

:

21/17 Kommunestyret

27.04.2017

Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring**Kontrollutvalet si tilråding:**

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte. Forvaltningsrevisjonen viser at Luster kommune har gitt ein del overordna føringar for økonomistyring gjennom sentrale styringsdokument. Gjennom delegasjonsreglementet og økonomireglementet er det etablert tydelege prinsipp for overordna ansvar og mynde både for økonomistyring generelt og for investeringsprosjekt. Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har utarbeidd retningsliner og rutinar for sentrale oppgåver og prosessar knytt til verken økonomi- eller prosjektstyring.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i undersøkinga:

4. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som tydeleggjer innhaldet i ansvar og oppgåver knytt til oppfølging og justering av budsjett, mellom anna tydeleggjer krav til kontroll og oppfølging av budsjett opp mot rekneskap.

5. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar for prosjektstyring, som omfattar alle prosjektfasar frå prosjektinitiering til –avslutning.

e. Formaliserer rutinar for budsjettering og økonomistyring i investeringsprosjekt

f. Tydeleggjer krav til gjennomføring av risikovurderingar av budsjett

g. Tydeleggjer krav til rapportering både til administrativ leiing og politisk nivå, som både omfattar kva tid det skal rapporterast og til kva organ, innhald i rapporteringa og form

h. Etablerer rutinar for evaluering av ferdigstilte investeringsprosjekt

6. Avklare og tydeleggjere kva rolle og ansvar økonomiavdelinga generelt og økonomisjef spesielt skal ha i samband med investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp vurdert inn det vidare arbeidet for å sikre god økonomi og prosjektstyring i Luster kommune framover. Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2017. Rapporten vert oversendt til kommunestyret.